



Møteprotokoll

Utval: Nærings- og utviklingsutvalet
Møtestad:
Dato: 27.01.2026
Tid: kl 16:00 - 18:45

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Øyvind Hunnes	Utvalsleiar	H
Frank Kjøde	Nestleiar utval	FRP
Ivar Johannes Johansen	Medlem	FRP
Karl Dagfinn Lyshol	Medlem	FRP
Karoline Ringdal Hjelseth	Medlem	H
Henning Tandstad	Medlem	AP
Karna Myhre	Medlem	AP
Carola Herrmann	Medlem	V
Petter Hole-Drabløs	Medlem	SP
Magnar Gjerde	Varamedlem	FRP

Andre som møtte:

Arild Sunde Rinnan	arealplanlegger
Kristian Trandal	teknisk sjef
Odd Jostein Drotninghaug	kommunalsjef samfunn
Oddmund Grebstad	brannsjef
Synnøve Hunnes	møtesekretær

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-02/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
SP-01/26	Spørsmål til administrasjonen
PS-03/26	Referatsaker
RS-01/26	Orientering om fullført prosjektering av fortau - Blindheim-Tynes
PS-04/26	17/297 - Behandling av klage på vedtak om avslag på dispensasjon - oppføring av støttemur
PS-05/26	17/306 - Behandling av klage på vedtak om avslag på dispensasjon - støttemur i strid med byggegrense
PS-06/26	25/75 - Behandling av klage på illeggelse av overtredingsgebyr
PS-07/26	29/202 - Klage på dispensasjonsvedtak
PS-08/26	7/18 - Klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå overordna arealføremål (LNF)
PS-09/26	Detaljregulering rorbu på Kursetstranda - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning
PS-10/26	Framtidig organisering av brannvern

01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

NU - 01/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

02/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

NU - 02/26 Vedtak:

Protokollen frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

01/26 Spørsmål til administrasjonen

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Det var ingen spørsmål til administrasjon.

NU - 01/26 Vedtak:

Det var ingen spørsmål til administrasjon.

03/26 Referatsaker

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

RS saker vert tatt til vitande. Teknisk sjef, Kristian Trandal, orienterte og synte korleis klagesaker fungerer. Kommunalsjef Odd Jostein Drotninghaug orienterte i sak om gangveg Blindheim.

NU - 03/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

01/26 Orientering om fullført prosjektering av fortau - Blindheim-Tynes

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Kommunalsjef Odd Jostein Drotninghaug orienterte og svara på spørsmål.

NU - 01/26 Vedtak:

04/26 17/297 - Behandling av klage på vedtak om avslag på dispensasjon - oppføring av støttemur

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Utvalet drøfta saka.

Frank Kjøde sette fram følgande forslag på vegne av FRP.

Etter ei skjønsmessig vurdering vert det gjeve dispensasjon for bygging av støttemur på gbr: 17/297 i Reitehaugvegen.

Votering: FRP sitt framlegg til vedtak fekk 3 røyster og fall. Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster.

NU - 04/26 Vedtak:

Nærings og utviklingsutvalet held fast ved delegert vedtak 526/25 av 16. desember 2025 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense til veg for støttemur på gnr/bnr 17/297. Klaga blir ikkje teken til følgje.

Saka blir oversendt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

05/26 17/306 - Behandling av klage på vedtak om avslag på dispensasjon - støttemur i strid med byggegrense

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Karl Dagfinn Lyshol ber om at utvalet vurderer om han er inhabil. Lyshol er bror til dagleg leiar av utøvande entreprenør , Sykkylven Maskin.(Saka gjeld ikkje entreprenør men ansvarleg tiltakshavar.) Vararepresentant Magnar Gjerde, tok sete og utvalet diskuterte habilitet. Eit samrøystes utval vedtok at Karl Dagfinn Lyshol er inhabil.

Det er 9 voterande i saka.

Teknisk sjef, Kristian Trandal, orienterte, synte bilde og utvalet drøfta saka.

Frank Kjøde sette fram følgande forslag på vegne av FRP:

Etter ei skjønsmessig vurdering vert det gjeve dispensasjon for bygging av støttemur på gbr: 17/306 i Reitehaugvegen.

Votering: FRP sitt framlegg til vedtak fekk 3 røyster og fall. Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster.

NU - 05/26 Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet held fast ved delegert vedtak 525/25 av 16. desember 2025 om avslag på søknad om dispensasjon frå byggegrense til veg for støttemur på gnr/bnr 17/306, Reitehaugvegen 13. Klaga tas ikkje til følgje.

Vidare oppfølging etter plan- og bygningslova kapittel 32, knytt til den oppførte muren, vil ikkje bli ført vidare før klagesaka er endeleg avgjort.

Saka blir oversendt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

06/26 25/75 - Behandling av klage på illeggelse av overtredingsgebyr

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Karl Dagfinn Lyshol ber om at utvalet vurderer om han er inhabil. Lyshol er bror til dagleg leiar av utøvande entreprenør , Sykkylven Maskin.(Saka gjeld ikkje entreprenør men ansvarleg tiltakshavar.) Denne saka kan få presedens for ei anna sak som enprenør har inne til behandling. Vararepresentant Magnar Gjerde, tok sete og utvalet diskuterte habilitet. Eit samrøystes utval vedtok at Karl Dagfinn Lyshol er inhabil.

Det er 9 voterande i saka.

Utvalet drøfta saka og voterte.

Samrøystes vedtak som kommunedirektør.

NU - 06/26 Vedtak:

1. Nærings og utviklingsutvalet held fast ved delegert vedtak 535/25 av 11. desember 2025 om ilegging av overtredingsgebyr etter plan og bygningslova § 32-8 i byggesak gnr/bnr 25/75. Klaga blir ikkje teken til følge.
2. Saka blir oversendt Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Saka blir lagt fram for NU som del av kommunen si klagehandsaming før oversending til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, som er klageinstans.

07/26 29/202 - Klage på dispensasjonsvedtak

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Utvalet drøfta saka.

Votering: Samrøystes vedtak som kommunedirektør

NU - 07/26 Vedtak:

Klaga datert 7. januar 2026 frå Torgeir Bjørddal på Sykkylven kommune sitt delegert vedtak 559/25 av 19. desember 2025 blir ikkje teken til følge. Vedtaket blir oppretthalde.

Saka blir sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33.

Administrasjonen meiner oppmodinga om utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 er ivareteken ved at det ikkje kan gjennomførast terrengarbeid utan eige løyve, og kommunen avventar vidare handsaming av slikt løyve til klaga på dispensasjonen er avgjort.

08/26 7/18 - Klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå overordna arealføremål (LNF)

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Utvalet drøfta saka.

Frank Kjøde, FRP, sette fram følgande framlegg til vedtak:

FRP går inn for å gi dispensasjon til frådelling av hyttetomt på Grebstadstølen, gbn 7/18, tilhøyrande Kristin Strømme.

Votering:

3 personar røysta for FRP sitt framlegg til vedtak. 6 personar røysta for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

NU - 08/26 Vedtak:

Klagen av 15.12.2025 vert ikkje imøtekommen. Saka vert å sende til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjersle.

09/26 Detaljregulering rorbu på Kursetstranda - 2.gongs politisk behandling - Framlegg om eigengodkjenning

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Arealplanlegger Arild Sunde Rinnan orienterte og svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak som framlegg frå kommunedirektør.

NU - 09/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 1.ledd, eigengodkjenner kommunestyret i Sykkylven kommune fremja planforslag, Detaljregulering rorbuer på Kursetstranda (planid15282023003), jamfør plankart sist revidert 10.12.2025, og føresegner og planomtale sist revidert 16.01.2026.

10/26 Framtidig organisering av brannvern

27.01.2026 Nærings- og utviklingsutvalet

Behandling

Kommunalsjef Odd Jostein Drotninghaug, brannsjef Oddmund Grebstad, orienterte og svara på spørsmål.

Saka hadde 8 voterande. Ivar Johansen fekk permisjon kl 1815.

Votering: samrøystes som kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

NU - 10/26 Vedtak:

1. Etter ei samla vurdering vel Sykkylven kommune å forsette å organisere brannvernet i eigen kommune.
2. Sykkylven kommune vil gjennomfør ei ny evaluering i løpet av 2027 og vurdere eit utvida interkommunalt samarbeid fra evt 2028/2029.
3. Sykkylven kommune vil vidareføre arbeidet med å auke opp samla resursane knytt til forebyggande brannvern i kommunen.
4. Det er viktig for Sykkylven kommune at ein framover også har eit tett og godt samarbeid med våre nabokommunar innafor brannvern.